



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Løyve til rehabilitering av Voss Gymnas

Søknad om løyve er motteke her 13.06.2017, med supplering 30.06.2017 og 07.07.2017.

Følgjande føretak har erklært ansvar i saka:

	Fagområde og tiltaksklasse	Føretak	Org.nr.
<i>ANSVSØK:</i> <i>Dato</i>		HENT AS	990749655
<i>ANSVPRO:</i> <i>Dato 02.06.2017</i>	Arkitektur, tiltkl 2	HLM Arkitektkontor AS	968749021
<i>ANSVPRO:</i> <i>Dato 09.06.2017</i>	Miljøsanering, tiltkl 3	Asplan Viak	910209205
<i>ANSVUTF:</i> <i>Dato 02.06.2017</i>	Sanering, riving og deponering, tiltkl 1	Skadealliansen Bergen AS	917488126
<i>ANSVUTF:</i> <i>Dato</i>	Brannalarm, nødllys og ledelys	Avventar kontraktør, skal ettersendast før oppstart	
<i>UAVH. KONTROLL:</i> <i>Dato</i>	Branntetting	Avventar kontraktør, skal ettersendast før oppstart	

1. Søknaden gjeld:

Rehabilitering av Hovudbygningen på Voss Gymnas.

2. Fakta om saka:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling. Det vert vurdert at deira interesser ikkje vert påverka av tiltaket.

Følgjande kart og teikningar ligg til grunn for vedtaket:

- Fasadeteikningar i 1:50, datert 10.10.2016
- Snitteikning i 1:100, datert 17.10.2016
- Planteikning i 1:100, datert 17.10.2016
- Reviderte branntegninger/plantegninger i 1:100 datert 21.06.2017





3. Planstatus:

Tomta ligg i regulert område, reguleringsplan Skulehaugen regulering, planident 09010, og er avsett til undervisning.

4. Vurdering av søknad:

Tiltaket er i tråd med plan.

4.1 Krav til byggegrunnen:

Søknaden er vurdert etter § 28-1 i plan- og bygningslova, og tomta er sjekka mot skredatlas.nve.no. Etter kommunen si vurdering føreligg det tilstrekkeleg tryggleik mot fare og/eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve.

4.2 Ymse:

Vi minner om krav til lydisolasjon i TEK 10 § 13-7.

4.3 Tilhøvet til anna lovgjeving og private rettstilhøve:

Løyvet er gitt i samsvar med plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å byggja i høve til anna lovgjeving eller privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Plan- og bygningsmynde legg til grunn at ansvarleg søker vidareformidlar aktuelle krav til utførande føretak. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilstades på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Vedtak:

Ein viser til saksutgreiinga. I medhald av § 20-1 i plan- og bygningslova vert det gjeve byggeløyve for rehabilitering på gnr/bnr. 47/129 i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald og merknader:

1. Nødvendige erklæringar for ansvarsrett skal sendast inn før arbeid innan dei ulike faga vert sett i gang.
2. Bygget skal oppfylle krav til radonsikring i TEK10 § 13-5 og energikrava i kapittel 14.
3. Vilkår i samtykke frå Arbeidstilsynet, skal etterkomast.
4. Avfall skal handterast forsvarleg. Dokumentasjon på avfallshandtering og at restavfall er levert godkjent mottak skal leggjast fram på førespurnad.
5. Når byggearbeidet er ferdig og naudsynt sluttdokumentasjon føreligg skal det søkjast om ferdigattest, jf. § 21-10 i plan- og bygningslova.
6. Det skal betalast byggesaksgebyr på kr.16868,-. Gebyrkrav vert ettersendt.
7. Arbeidet skal utførast etter plan- og bygningslova med underliggjande regelverk.

Er ikkje arbeidet igangsett seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Kommunen kan når som helst, og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf. pbl. § 25-2.

Vedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jf. forvaltningslova § 29.



vosskommune

Vi gjer merksam på ein klage kan medføre at vedtaket blir oppheva. Vi rår dykk difor til å vente til klagefristen har gått ut før de tek til med arbeidet.

Med helsing
Voss kommune
Byggesak

Jonny Rokne

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune, Gunnar Hemre Ringheim
HENT AS

Mottakar:
Hordaland fylkeskommune